



Lars Haugland
Hauglandsvegen 57

5463 Uskedalen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2026/5379-1		02.07.2026

Tilsynsrapport – akutt utslepp av møk - 125/2-3

Viser til synfaring miljøretta helsevern ved Synneve Skei og Erick Trondsson Alvarado Kjellevoid hadde av akutt utslepp av møk i Uskedalen 01.07.2026.

Miljøretta helsevern er forureiningsmynde i kommunen og fekk telefon av politiet som informerte om saka. Miljøretta helsevern rådde til å varsle brannvernet som er vanleg prosedyre for slike hendingar. Kommuneoverlege og kommunedirektør vart også varsla, samt Kystverket og Statsforvaltar.

Observasjoner under synfaring:

Miljøretta helsevern møtte på staden kl 1430. Halvvegs frå uhellstaden stod ein traktor med pumpeutstyr. Pumpa hadde til hensikt å pumpe opp forureina vatn for så å spreia dette ut i eit skogholt i nærleiken, sjå lyseblått felt i kart under. For å samle opp og ha kontroll på det forureina vatnet som kom via ein bekk frå ulukkesstaden, hadde det vorte laga to fangdammar, sjå kart. Andre avbøtande tiltak som hadde vorte sett i verk var å opne opp for meir vatn nedstrøms i Uskedalselva. Dette vil vera med å betra tilstanden i elva då møka vert tynna ut. Om lag kor mykje møk som var rent ut er estimert til ca. 100 m³.

Det vart opplyst at hendinga skjedde i ca kl 07:00 og at dette vart varsla av naboar.



Fangdam med pumpe som saug opp forureina vatn.

Vi møtte deretter grunneigar sin son, som viste oss staden der uhellet hadde skjedd. Han opplyste om at gjødselstaken hadde vorte kjøpt brukt i 2018. Gjødseltaken vart opplyst at den stod oppå ein sole av stein, pukk og sand.



Plassering og underlag til gjødselskum.

Gjødselskum var plassert nær ein sidebekk og i kanten av eit nydyrkingsområde. Då kummen kollapsa hadde mestedelen av møka teke vegen ut i sidebekken.



Bildet viser bekkefarete der møka hadde teke vegen. Det vart opplyst at vassføringa i bekken opphøyrer i periodar med opphaldsvær, slik tilfelle var på synfaringsdagen.



Den kollapsa kummen hadde eit tynt lag igjen med møk då vi var på staden. Det sildra ikkje møk ut av kummen då vi var der.



Kartdata som viser plassering av gjødslekum, fangdammer, pumpe og spreieareal.

Vidare saksgang:

Miljøretta helsevern som er forureiningsmynde i kommunen vil senda ut vedtak om pålegg om opprydding. Oppfølging av saka til elv og badestrand er friskmeldt.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Synnøve Handeland

Rosendalsvegen 10

Mottakarar:
Lars Haugland